

Møteinnkalling

Utval:	Trafikktryggingsutvalet
Møtestad:	Møterom 2. et, Fylkeshuset Sandsli, Sandslihaugen 30
Dato:	27.01.2020
Tid:	12:00

Program

Trafikktryggingsarbeidet i UP, v/ Terje Oksnes

Året som gjekk v/ Knut Olav Nestås, Trygg Trafikk

Status Vestland: ulykkesbilete og -utvikling, v/ INV

Kl. 12:00 - Saksbehandling startar etter orienteringane

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i trafikktryggingsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Jannicke Bergesen Clarke

Utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll forrige møte	2020/35480	
Referatsaker			
RS 1/20	Skriv til Austevoll ungdomsråd - svar på fråsegn	2019/101	
RS 2/20	Trafikksikringstiltak i investeringsprogram fylkesvegar 2020	2019/101	
RS 3/20	Søknad om aktivitets- og driftsmidler til Trygg Trafikk Vestland i 2020	2019/101	
Politiske saker			
PS 1/20	Budsjett for trafikktryggingsutvalet (FTU) i Vestland 2020	2019/101	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saknr: 2020/35480-1
Saksbehandlar: Berit Sæther Baldersheim

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet	2/20	27.01.2020

Godkjenning av møteprotokoll forrige møte

Forslag til vedtak

Møteprotokoll forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Utval: Trafikktryggingsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset i Bergen
Dato: 28.11.2019
Tidspunkt: 10:30-14:20

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunnar Moland	Hanne Eva Husebø Kristensen	H
Leif Fjellro	Morten Klementsens	FNB

Merknader

Ingen vara møte for Hammer og Reksnes.

Følgjande konsultative medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Knut Olav R. Nestås	Konsultativt medlem	Trygg Trafikk
Gudrun Einbu	Konsultativt medlem	Skyss/Kringom
Ola Akselberg	Konsultativt medlem	Vest politidistrikt/Utrykningspolitiet
Sindre Lillebø	Konsultativt medlem	Statens vegvesen
Tor Høyland	Konsultativt medlem	Statens vegvesen
Else-Marie Brobakke Aarø	Konsultativt medlem	Vestland fylkeskommune
John Martin Jacobsen	Konsultativt medlem	Vestland fylkeskommune
Even Vaular	Konsultativt medlem	Vestland fylkeskommune
Carl-Erik Nielsen	Konsultativt medlem	Statens vegvesen

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Dina Lefdal	Påtroppande fylkesdirektør infrastruktur og veg

Petter Lem Gullestad, møtesekretær

Sakliste

Utvals- Saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
GK 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Referatsaker		
RS 1/19	Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg	2019/101	
RS 2/19	Nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita. Skriv til fellesnemnda frå FTU Hordaland, 28. mai 2019.	2019/101	
RS 3/19	Krav om trygge vegar i Austevoll kommune. Fråsegn frå Austevoll ungdomsråd.	2019/101	
	Politiske saker		
PS 1/19	Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU Vestland) 2020	2019/101	

Godkjenningssaker

GK 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.11.2019

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

RS 1/19 Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.11.2019

RS 1/19 vart referert.

RS 2/19 Nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita. Skriv til fellesnemnda frå FTU Hordaland, 28. mai 2019.

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.11.2019

RS 2/19 vart referert.

RS 3/19 Krav om trygge vegar i Austevoll kommune. Fråsegn frå Austevoll ungdomsråd.

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.11.2019

RS 3/19 vart referert.

Politiske saker

PS 1/19 Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU Vestland) 2020

Forslag til vedtak

Trafikktryggingsutvalet vedtar framlegg til møteplan for 2020, som vist i tabell under.

Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) i Vestland 2020
Måndag 27. januar
Torsdag 19. mars
Onsdag 27. mai
Måndag 21. september
Måndag 16. november

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 28.11.2019

Røysting

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Trafikktryggingsutvalet vedtar framlegg til møteplan for 2020, som vist i tabell under.

Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) i Vestland 2020
Måndag 27. januar
Torsdag 19. mars
Onsdag 27. mai
Måndag 21. september
Måndag 16. november

Referatsaker

RS 1/20 Skriv til Austevoll ungdomsråd - svar på fråsegn

Even Vaular

Fra: Jannicke Clarke <jannickeclarke@gmail.com>
Sendt: torsdag 19. desember 2019 13:24
Til: Austevoll kommune
Kopi: Even Vaular
Emne: Vedr. fråsegn frå Austevoll ungdomsråd - 19/1010 - 13

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Til Austevoll ungdomsråd

Tusen takk for uttalen de har sendt fylkeskommunen der de tar opp tilhøva for gåande og syklande langs fylkesveg i Austevoll kommune. Uttalen blei lagt fram som referatsak i møtet til Trafikktryggingsutvalet den 28/11-19. Utvalet ønskjer at eg på deira vegne skal rose dykk for engasjementet for trafikksikring og for at de tar opp med fylkeskommunen dei utfordringane de ser på fylkesveg i Austevoll.

Frå 1. januar 2020 vert Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar slått saman til Vestland fylkeskommune. Den nye fylkeskommunen vil til saman ha om lag 5500 km fylkesveg og mange av desse vegane har ein dårlig standard eller manglar tilstrekkeleg tilbod til mjuke trafikantar (gåande og syklande). Dette er openbert ei stor utfordring for fylkeskommunen. Det betyr at vi diverre ikkje kan etablere fortau eller gang- og sykkelveg alle dei stadane kor det faktisk er eit behov for dette.

Fylkeskommunen brukar kvart år mange titals millionar kroner på tiltak som gir betre trafikksikring for mjuke trafikantar, mellom anna gjennom gang- og sykkelanlegg, trygg tilkomst til kollektivtransport, tryggare løysingar for kryssing av bilveg og betre veglys. I Vestland fylkeskommune har vi tre tilskotsordningar som kommunar og andre kan søkje på:

- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar
- Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar

Dei to første ordningane gjeld berre for kommunar, medan den siste inkluderer også ulike prosjekt og aktivitetar organisert av lag og organisasjonar, barnehagar og skular, med meir. Informasjon og søknadsskjema for desse ordningane vil bli tilgjengeleg på nettsida til Vestland Fylkeskommune frå 1/1-2020.

Ordninga for fysiske tiltak (som til dømes kan gi tilskot til veglys, rekkverk, fortau og fartshumpar) stiller krav om at kommunen har ein oppdatert trafikksikringsplan og at tiltaket som det vert søkt om er omtalt i denne planen. I tillegg held fleire av kommunane i det nye Vestland fylke no også på med å bli ein såkalla «Trafikksikker kommune». Det kostar ikkje noko å bli ein «Trafikksikker kommune», men både politikarane og alle som jobbar i kommunen må involverast.

Meir informasjon om dette finn de på Trygg Trafikk sine nettsider: <https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/>

Utvalet si oppmoding til dykk i Austevoll ungdomsråd er å undersøkje om kommunen har ein oppdatert trafikksikringsplan og be politikarane lokalt om å få kome med innspel når den eventuelt skal handsamast igjen. I tillegg kan de undersøkje om Austevoll kommune er ein Trafikksikker kommune og eventuelt kva som skal til for at kommunen kan bli det.

Lykke til vidare med arbeidet i ungdomsrådet og fortsett å engasjere dykk i trafikksikring i Austevoll!

Med vennleg helsing
Janicke Bergesen Clarke
Leiar Trafikktryggingsutvalet
Vestland Fylkeskommune

Saknr: 2019/101-8
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 16.01.2020

Til: Trafikktryggingsutvalet (FTU)
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Prioriterte trafikktryggingstiltak i investeringsprogram for fylkesvegar 2020

Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023 vart vedtatt (i politisk sak 14/2019) i desembertinget med eit investeringsprogram for fylkesvegnettet for dei neste fire åra. Trafikktryggingsspektivet er representert i alle vegprosjekt på fylkesveg, frå planlegging til utføring, men ein har også eigne tiltak som vert definerte som *trafikktryggingstiltak*. Desse ser på utfordrande punkt og strekningar som medfører trafikkfare. Ein stor del av ts-tiltaka gjeld sikring av eksisterande vegnett. Me har til dømes mykje gamalt vegnett som vart bygt i ei tid med andre trafikktilhøve og andre standardar og krav.

I investeringsprogrammet finn ein trafikktryggleikstiltak i hovudsak to stader: under eige programområde (kalla «Trafikktryggingstiltak»), og som del av bompengepakane. I tillegg vil det vera tiltak i andre programområde som grensar til trafikktryggingstiltak. Særleg gjeld dette for gang- og sykkeltiltak, og også for ein del kollektivtiltak. Miljøløftet, som gjeld byvekstavtaleområdet Bergen, har ein eigen pott med midlar til trafikktryggingstiltak på fylkesveg¹. Denne potten er finansiert med fylkeskommunale midlar. Det er utarbeidd ein eigen tiltaksplan for trafikktrygging for Miljøløftet, som legg føringar for kva tiltak som vert prioritert i Bergen kommune.

I investeringsprogrammet for 2020 er det sett av 34,5 mill. kr. til programområdet trafikktryggingstiltak. Desse skal nyttast til gjennomføring av prioriterte tiltak i Vestland fylke utanom Bergen. Konkret kva tiltak som er tenkt utført i år kjem ikkje fram av budsjettdokumentet. Me ønskjer difor å leggja fram for FTU og SAMO ei liste over tiltaka som er prioritert innanfor denne budsjettposten. Lista ligg vedlagt denne saka. Her ligg også liste over trafikktryggingstiltaka som skal gjennomførast i Bergen, gjennom Miljøløftet. Ein føreset her ei løyving på 31,7 mill. kr. Den samla løyvinga frå fylkeskommunen til Miljøløftet (utanom bybanen) i 2020, er på 351,2 mill. kr. Desse midlane skal også dekkja gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, vedlikehaldstiltak med investeringskarakter og planlegging av framtidige investeringstiltak.

Vedlegg

¹ Onsdag 4. desember 2019 vart forslag til ny byvekstavtale for Bergensområdet signert. Den skal til lokalpolitisk handsaming, før den kan tre i kraft. Det nye byvekstavtaleområdet vil, i tillegg til Bergen, inkludera omlandskommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

- 1 Prioriterte trafikktryggingstiltak 2020 - Vestland utanom Bergen
- 2 Prioriterte trafikktryggingstiltak 2020 - Miljøløftet (Bergen)

Prioriterte trafikktryggingstiltak i 2020, Vestland utanom Bergen

Prosjektinformasjon				
Stad / strekning	Fv. nr.	Kommune	Skildring av tiltak	Sum (heile tusen)
Vegljos:				2 200
Skeisflaten	5152	Bjørnafjorden	Vegbelysning	
Litlabøvegen	5060	Stord	Sluttføring av påbyrja lyssetting av Litlabøvegen.	
Gjerneskrisset - ved Langebrua Voss sentrum	5394	Voss	Intensivbelysning av eit mykje nytta kryssingspunkt med dårleg lyssetting.	
Fortau/gang- og sykkelveg:				8 050
Trengereid - Stemmegarden	560	Øygarden	Fortau	
Røsland - Husnes	5028	Kvinnherad	Bygge fortau 500 meter	
Øystese - Hardangerfjordvegen	79	Kvam	Bygge 50 meter fortau.	
Olden - Skarsteinskaia	60	Stryn	Tiltak etter g/s-inspeksjon	
Fartsregulering og sikring av kryssingspunkt:				6 950
Vikedal	79	Kvam	Redusert fart, fartsdemparar.	
Omastrand ved Joker	576	Kvam	Redusert fart, fartsdemparar.	
Øystese ved Esso	79	Kvam	Bedre sikt / flytte gangfelt?	
Norheimsund ved Rema	79	Kvam	Bygge kryssingspunkt	
Evanger, Harabåsen	5410	Ullensvang	Bygge fartsdempande tiltak i begge endar av eit knipe med gangtrafikk, m.a. til barnehage.	
Palmafoss	5386	Voss	Sikre kryssing av Tjukkebygdsvegen ved Kiwi	
Knappen, Sæle, Osundet bru sør og nord, Tjeldstø	561	Øygarden	Oppgradering av fem kryssingspunkt	
Seim	5474	Alver	Fartsdempande tiltak på strekning utan g/s-tilbod nær skule.	
Sagvåg sentrum	545	Stord	Nytt gangfelt i samband med busstopp og gangsti	
Forland	560	Øygarden	Gangfelt, fartsdemping	
Rekkverk og sideterreng:				14 000
Øygardsvegen	561		Rekkverk/sideterreng	
Osterøy - utvalde punkt	567/5418/5624	Osterøy	Utbetne rekkverk	
Nedkvitne - Norheim	fv. 5390	Voss	Rekkverk. Farleg punkt ved byggefelt	
Dalane	fv. 5391	Voss	Rekkverk 150 meter ovanfor skisenteret	
Rekkverk tidlegare Sogn og Fjordane	Ulike strekn./punkt	Fleire kommunar	Rekkverkstiltak, samlepost	
Øvrige TS-tiltak				
Ufordelt			Ved akutte behov	
Neshøgdi (Nes)	55	Luster	Utbetring av busslomme	
Trafikksikring				34 500

TS-gruppen Miljøløftet
Byggeprogram 2020 rev. 1

Prosjekt	Kommentarer	Merknad 2020-01-15
Fotgjenger- og sykkelulykker		
Fv. 5192 (183) Totlandsvegen (Midtun-Ulsmåg)	Fartsgrensevurdering og fysisk fartsdempende tiltak ved Ulsmåg skole og Midtun. Nytt gangfelt ved gamle Hardangerveien.	Prosjektert.
Fv. 5300 (243) Tellevikvegen	Etablere 2 gangfelt med tilhørende belysning og fartsdempende tiltak.	Prosjektert
Fv. 5324 (252) Hagerups vei	Hevet gangfelt ved Langhaugen skole, belysning	Prosjektert
Fv. 5182 (177) Fleslandsveien Ridesenter - Flesland	Fartsdempende tiltak	Prosjektert
Fv. 585 Kalvedalsveien	Gangfelt og fortau ved Gamle Kalvedalsvegen og belysningstiltak	Under bygging.
Fv. 5208 (193) Kjøkkelvikvegen	Fartsdempende tiltak mellom skolen og Festerbanen. Tiltak sideareal (skulder), belysning gangfelt	
Fv. 585 Birkelundsbakken	Kollektivtilpassede fartsdempende tiltak, tiltak ved kryssingspunkt, belysning	
Trafikksikkerhetsinspeksjon		
Fv. 5158 (163) Fanafjellsvegen	Iht tiltaksplan 18-21. Trafikksikkerhetsinspeksjon gjennomføres 2017/18.	Prosjektert 2019
Trygg skolevei - Hjertesone, områdeutredning		
Fv. 5302/578 (241/267) TS-utredning Tertnes og Kalvatræet skolekretser	Tiltak basert på områdeutredning 2018. Tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, flytting av holdeplasser, nye gangfelt, kollektivtilpasset fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming	
Fv. 5354 (276) TS-utredning Garnes skolekrets	Kortsiktige tiltak basert på områdeutredning 2017. Sikring av skoleveg, tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, nye gangfelt, kollektivtilpasset fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming.	Prosjektert. Tiltak gjennomføres 2020 av Bergen kommune etter avtale
Fv. 5356 (277) TS-utredning Ådnamarka skolekrets	Tiltak basert på områdeutredning 2017. Sikring av skoleveg, tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, nytt fortau og avkjørselsjustering på Amatveit, tilrettelegging holdeplasser, kollektivtilpasset fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming.	Prosjektert. Er igangsatt.
Fv. 5216/558 (197/558) TS-utredning Mathopen skolekrets	Tiltak basert på områdeutredning 2017. Tiltak og tilrettelegging i kryssingspunkt, flytting av holdeplasser, nye gangfelt, kollektivtilpasset fartsdemping, belysningstiltak, universell utforming	Prosjektert.
Mørkeulykker (vegbelysning mv.)		
Fv. 546 Krokeidevegen	Intensivbelysning gangfelt ved Krokeide skole	
Fv. 5306 (240) Morvikvegen (Viddalen - Slettestølen)	Oppgradere armatur og intensivbelyse 8 stk. gangfelt. Skoleveg	
Fv. 578 (267) Rollandslia	Intensivbelysning to gangfelt. Nær Rolland skole	
Trafikksikkerhetsplan		
Diverse enkelttiltak	Midler til enkelte mindre tiltak på kortere sikt	

Ulykkespunkt		
Fv. 5176 (174) Mildevegen	Tilbud til gående som skal krysse i kryssområdet Mildevegen - Geithusvegen - Grimseidvegen. Skoleveg. Mange meldinger om utrygghet. Gangfelt, fortau, fartsdempende tiltak, siktutbedring, belysning	Prosjektert.
Fv. 5174 (173) Kokstadvegen	Tre nye gangfelt på Kokstad bl.a. sikring av kryssingspunkt nær bybaneholdeplass	Prosjektert.
SUM	31 750	
Forventet bevilgning TS i 2020	31 700	

Saknr: 2019/101-7
Saksbehandlar: Eva Vinjevoll
Dato: 15.01.2020

Til: Trafikktryggingutvalet
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Søknad om aktivitets- og driftsmidlar til Trygg Trafikk Vestland i 2020

Samandrag

Trygg Trafikk har årleg mange aktivitetar i heile fylket. Trygg Trafikk Vestland har søkt midlar frå Vestland fylkeskommune for å oppretthalde aktiviteten i 2020. I søknaden vert dei planlagde aktivitetane det komande året omtalt. Trygg Trafikk Vestland søker om 1.300.000 kr til aktivitetar. I tillegg har Trygg Trafikk Vestland sendt ein søknad om driftsmidlar som dekker kontor, drifts- og reisetilskot. Behovet for driftsmidlar er 300.000 kr. Vedtak om tildeling blir handsama i saka om fordeling av FTU-midlar.

Bakgrunn

I møte 18. juni 2019 i fellesnemnda fekk prosjektleiar fullmakt til å inngå ny samarbeidsavtale med Trygg Trafikk for Vestland fylkeskommune, som skal føra vidare gjeldande forpliktingar frå samarbeidsavtalene dei to gamle fylka hadde med Trygg Trafikk og Statens vegvesen. I samarbeidsavtala forpliktar fylkeskommunen seg til kvart år å løyva aktivitetsmidlar (midlar til tiltak) til Trygg Trafikk, samt driftsmidlar som skal dekkja reise-, kontor- og administrasjonskostnader. Aktivitetsmidlane skal nyttast i tråd med fylkeskommunen sitt vedtak.

Dette notatet omtalar søknaden frå Trygg Trafikk om drifts- og aktivitetsmidlar, mottatt 10. januar 2020. I søknaden går det fram kva for type aktivitetar som skal gjennomførast i år. Trygg Trafikk sitt arbeid er i særleg grad retta mot arbeidet med Trafikksikker kommune, og å auke trafikksikringskompetansen i barnehage og skule. Fylkesdirektøren føreslår at Trygg Trafikk vert løyvd 1,3 millionar kroner i aktivitetsmidlar for 2020, og 300.000 kr i driftsmidlar i tråd med søknad. Vedtak om tildeling blir handsama i saka om fordeling av FTU-midlar.

Driftsmidlar

Driftsmidlane skal dekke kontorstad og drifts- og reisetilskot til Trygg Trafikk Vestland. Trygg Trafikk har no både ein distriktsleiar og ein seniorrådgjevar hos seg, det skal vere med å sikre aktivitet i heile det nye fylket. Etter samarbeidsavtalen mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune skal Trygg Trafikk ha kontorstad i fylkeskommunen, og dei skal ha tilgang til infrastruktur og sørvistilbod på lik linje med fylkeskommunen sine tilsette. Trygg Trafikk anslår eit behov for driftsmidlar i 2020 på 300.000 kr.

Aktivitetmidlar

I tråd med samarbeidsavtalen kan Trygg Trafikk søke fylkeskommunen om aktivitetmidlar til trafikktryggingstiltak i regi av Trygg Trafikk i Vestland. I søknaden deler Trygg Trafikk opp aktivitetane sine i desse satsingsområda:

Aktivitet	Sum
Trygge og sikre barn	300 000,-
Trafikksikker ungdomstid	250 000,-
Tryggleik for fotgjengarar og syklistar	300 000,-
Systematisk trafikksikringsarbeid	400 000,-
Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd	50 000,-
Søknadssum aktivitetmidlar 2020	1 300 000,-

Konkrete døme på aktivitetar er mellom anna sykkelopplæring, Barnas trafikklubb, teaterframsyning om trafikktrygging og kursing av tilsette i barnehagar, helsestasjonar, lærarar, politi og Statens vegvesen. Trygg Trafikk arrangerer rebusløp for russ, russearrangementet i Grieghallen (føreslått som eiga post i fordelingssaka for FTU-midlane) og kampanjane #ErDuSikker? og #bruksykkellys. I tillegg kjem det systematiske trafikktryggingsarbeidet med godkjenningsordninga Trafikksikker kommune. Tidlegare distriktsleiar i Sogn og Fjordane går no over i ei rolle som seniorrådgjevar, og han vil jobbe særleg med fokus på Trafikksikker kommune. I den grad det er trong for det, ønskjer distriktsleiaren å ha eit handlingsrom til å kunne omdisponere midlane mellom tiltaka og aktivitetane, innanfor ramma på 1 300.000 kr. Distriktsleiaren vil til ei kvar tid kunna rapportera til FTU og hovudutvalet om bruken av midlane, i tillegg til den faste årsrapporten. Ved større budsjettendringar innanfor aktivitetmidlane, kan hovudutvalet be om at dette vert lagt fram som eiga sak.

Vedlegg

- 1 Aktivitetmidlar 2020 for Trygg Trafikk Vestland
- 2 Driftsmidlar 2020 for Trygg Trafikk Vestland

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
Att: Even Vaular

Sandslihaugen 30
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
10.01.2020

Søknad om aktivitetsmidlar til Trygg Trafikk for 2020

Me sender dykk med dette søknad om aktivitetsmidlar til trafikksikringstiltak i regi av Trygg Trafikk i Vestland, i tråd med samarbeidsavtale. Tiltaka våre baserer seg på tiltak i relevant fylkeskommunalt planverk, som Regional transportplan. Handlingsplanane våre er forankra i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*, der m.a. fylkeskommunen sine tiltak òg er nemnt med ein del relevante samarbeidsflater for oss, t.d. kommunale trafikksikringsplanar, barn og unge, skule og skuleveg, refleks, sykkel, Trafikksikker kommune, tiltak overfor russ/vgs. med vidare, for å nemna noko.

Trygg Trafikk søker om aktivitetsmidlar til gjennomføring av følgjande tiltak:

Aktivitetar	Sum
Trygge og sikre barn	300 000,-
Trafikksikker ungdomstid	250 000,-
Tryggleik for fotgjengarar og syklistar	300 000,-
Systematisk trafikksikringsarbeid	400 000,-
Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtfærd	50 000,-
Hjertesone	<i>Prosjektmidlar: Sjå eigen post</i>
Sum søknad aktivitetsmidlar 2020	1 300 000,-

Aktivitetsmidlane har som føremål å vidareutvikla og styrka tiltak me jobbar med over tid. Dette heng ikkje minst saman med «Trafikksikker kommune»-konseptet og «Hjertesone»-

prosjektet, der det er ambisjonar for vidare utvikling framover. Vidare satsing på aktivitet i tråd med nedfelte planar og ambisjonar er eitt opplagt mål dei neste åra. Både «Hjertesone» og «Trafikksikker kommune» er gode døme på arbeid som bidreg i styrkinga av det systembaserte trafikksikringsarbeidet i Vestland, i tråd med noverande Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune sine eigne målsetjingar i m.a. regional transportplan og nasjonale føringar i t.d. nasjonal tiltaksplan for trafikksikring.

I samband med meir aktivitet, er det også viktig å halda på dei ressurspersonane Trygg Trafikk har til rådvelde utover regionleiar og seniorrådgjevar. I 2018 tilsette me ein prosjektleiar for Hjertesone-arbeidet, Åslaug Bergsvåg, og i tillegg nyttar me oss av Trygve Hillestad som arrangementsansvarleg for russearrangement i Grieghallen og Arne Aase og Kjell Sandal som innleigd arbeidskraft ved behov. I sum bidreg dette til at Trygg Trafikk kan ha eit langt høgare aktivitetsnivå i nye Vestland fylke enn me elles ville makta å ha. Ein målretta aktivitetsauke over tid harmonerer godt med nasjonale og regionale ambisjonar for trafikksikringsarbeidet, der målet er å førebyggja og redusera talet drepne og hardt skadde i tråd med særskilte ambisiøse nasjonale og fylkesvise etappemål. Samtidig er det viktig for oss at nye Vestland fylkeskommune får eit planverk som seier noko om tydelege prioriteringar for trafikksikringsarbeidet vidare. Me legg difor ikkje opp til omfattande nyvinningar i denne søknaden, men baserer oss på mykje av det gode arbeidet som har vore gjort i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland, samt føringar frå t.d. Nasjonal tiltaksplan, og ynskjer å styrkja og vidareutvikla det etter beste evne i 2020.

For nærare omtale av tiltaka i søknaden, syner me til oversikt nedanfor.

Det er ynskjeleg med ei rammeløyving på 1 300 000,- for aktivitetsmidlane der distriktsleiar vert gjeve handlingsrom til å omdisponere fritt mellom tiltaka og aktivitetane ut ifrå behov. Denne fleksibiliteten er særleg viktig i samband med behova i kommunane som jobbar med «Trafikksikker kommune»-prosjektet, der t.d. kompetanseheving og kurs er etterspurt. Me prøver etter beste evne å svara på denne etterspurnaden, men det er ikkje tvil om at slike aktivitetar er ressurskrevjande. I tråd med tidlegare vedtak er me også avhengig av støtte på 500 000,- i samband med «Hjertesone»-prosjektet, for m.a. å finansiera prosjektleiarstillinga som er lagt til Trygg Trafikk. Desse midlane er ikkje inkludert i denne søknaden, men kjem som eiga budsjettsak. Som tidlegare vil underteikna rapportera til FTU etter førespurnad og delta i FTU sitt arbeid elles. I tillegg vil det bli utarbeidd skriftleg årsrapport for Trygg Trafikk Vestland, som ein del av rapporteringa til FTU ved årsslutt.

Me håpar på velviljug handsaming av søknaden, og ser fram til å halda fram det gode samarbeidet i 2020.

Tiltaks- og aktivitetsoversikt:

Trygge og sikre barn

Trygg Trafikk er den leiande aktøren i arbeidet for trafikk sikker oppvekst, og eit kompetansesenter for trafikkopplæring for born og unge, jf. m.a. *Nasjonal tiltaksplan for trafikk sikkerhet 2018-2021*. Vår hovudsatsing på området er knytt til trafikkopplæring og bruk av sikringsutstyr. Me tilbyr læringsressursar og rettleiing til elevar, lærarar og foreldre tilpassa alle alderstrinn. Dei siste åra har me mellom anna arbeidd aktivt med å gjera skulane i fylket kjende med at mange av læringsressursane våre no, til dømes knytt til sykkelprøven, er digitalisert og ligg gratis ute på nett til fri bruk for lærarar i gjennomføringa. Me har òg støtta Norges cykleforbund og deira «Sykkelkids»-prosjekt (tidlegare «Alle barn sykler») med vesentlege bidrag på materiellsida, og gjennom samarbeid og rettleiing elles. Dette samarbeidet vil halda fram i 2020, og me ser for oss å auka støtta til opplæringsprogrammet noko for at dei skal klara å halda oppe aktivitetsnivået. For 2019 fekk i overkant av 3000 elevar tilbod om trafikkopplæring i Hordaland både i Bergen og i resten av fylket gjennom «Sykkelkids», og Trygg Trafikk sitt materiell og sykkelprøven vår har vore viktig i gjennomføringa. Når det kjem til trafikkopplæring er det òg aktivitet i fylket elles, det merkar me ut frå førespurnader om materiell, rettleiing, registrert bruk av sykkelprøven og hjelp elles. Arne Aase og Kjell Sandal er òg ute og besøker skular som etterlyser særleg bistand. I 2019 gjennomførte me ei kartlegging av trafikkopplæringa i Hordaland, tidlegare presentert for FTU i Hordaland i form av ei referatsak. Kartlegginga synte at arbeidet dei siste åra med å ha gjort dei digitale læringsressursane har gjeve resultat. Samtidig var færre opptekne av å ha trafikk som ein del av planverket sitt. Det vil me forsøkja å påverka dei næraste åra i nye Vestland fylke. M.a. ynskjer me å senda ut informasjon når dei nye læreplanane er klare, samt å tilby kompetanseheving i form av kursopplegg eller liknande. Fyrste halvår 2020 vil òg portalen Sykkeldyktig.no vera klar, eit samarbeid mellom Trygg Trafikk, NAF, Norges Cykleforbund og Syklistenes landsforening. Me kjem til å jobba målretta med å gjera denne portalen kjent for skulane i Vestland, og ser for oss å ha ei utsending til alle skulane i nye fylket med informasjon om dette. Satsinga på Barnas Trafikkklubb har òg vore positiv dei siste åra, m.a. gjennom oppløftande medlemsvekst blant barnehagane i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland. Arbeidet med å spreia og marknadsføra Barnas Trafikkklubb held fram for fullt i 2020 i tråd med målsetjingar i Nasjonal tiltaksplan. Det er òg planlagt eigne verveveker om hausten, der målet er å marknadsføra klubben for nye barnehagar. Aktuelle tiltak kan vera teaterframsyninga «Molly & partner», utsending til barnehagane med informasjon om klubben, støtte til barnehagane til innkjøp av materiell m.v. I tillegg har me planar om å arrangera fleire barnehagekurs, og aktuelle stader er Sogndal, Førde og Bergen. Eigne barnehagekurs for nye kommunar i «Trafikk sikker kommune»-samarbeidet kan òg vera aktuelt. Trygg Trafikk har òg tidlegare sagt seg viljug til å føra vidare teaterframsyninga «Laffen» på vegne av FTU Hordaland, men med ein særleg innfallsvinkel inn mot «Trafikk sikker kommune»-satsinga og «Hjertesone». På denne måten

får framsyningane nokre knaggar å henga på og underbyggjer anna viktig arbeid. Dei siste åra har det vore om lag ti framsyningar, oftast i minst to kommunar. For å gjennomføra framsyningane i 2020 vil det vera trong for om lag 85 000,-. Trygg Trafikk tilbyr òg kursverksemd overfor faggrupper som t.d. helsesøstrer, barnehagetilsette, lærarar, politi, Statens vegvesen (for dei to siste særleg kring sikring av barn i bil) og HMS-kurs. Summen av desse satsingane gjer at underteikna vurderer at dette tiltaket må ha eit handlingsrom på om lag 300 000,- i 2020.

Trafikksikker ungdomstid

Ungdom er ei viktig gruppe å nå i trafikksikringsarbeidet, og Trygg Trafikk har satsingar både på ungdomsskulenivået og for vidaregåande skule. For ungdomsskulen er hovudsatsinga valfag trafikk, som er eit fag som har fått god oppslutnad både i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland. Me ser det difor som naturleg å vidareføra denne satsinga for fullt å stimulera flest mogleg skular til å tilby valfaget. M.a. står me skulane med nettverkssamlingar der lærarar vert inviterte for å dela erfaringar på tvers av skulane. For 2020 ser me for oss å ha slike samlingar både nord i nye Vestland og i sør, trulege stader for samlingane er Sogndal eller Førde, og Bergen. I tillegg står me skulane med vidareutdanning av lærarar etter behov (inntil 10 000,- i støtte), innkjøp av utstyr og materiell og vitjar valfagklassar etter kapasitet som ynskjer besøk av eksterne fagpersonar. Me pleier òg å bli invitert på ein del trafikkdagar for ungdomsskular i Vestland, og me deltek etter beste evne og ut frå kapasitet. Me prioriterer særleg større arrangement som samlar mange elevar, sidan me ikkje rekk over alle skulane enkeltvis.

Heilt sidan byrjinga av 1990-talet har Trygg Trafikk hatt ansvar for gjennomføring av rebusløpet for russ i Hordaland, i samarbeid med Statens vegvesen, politiet, trafikkskular, hovudrussestyret med fleire. Arrangementet er innarbeidd og er eit godt samarbeidstiltak. Tiltaket inkluderer kontroll av russebilar og gjennomføring av ei rekkje aktivitetar der trafikktryggleik er i hovudfokus. Arrangementet blir gjennomført ved trafikkstasjonen i Åsane. Saman med FTU har me òg samarbeidd om gjennomføring av arrangementet for avgangskullet i Grieghallen. Samarbeidet er nytt frå og med 2018, og Trygve Hillestad er aktiv konsulent på honorarbasis. Trygg Trafikk har dei siste åra koordinert arrangementet på vegner av Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk, ref. FTU-vedtak i møte 20/2-2018. Me ser for oss å gjera dette også i 2020 om det er ynskjeleg. Her er det sett av eigne midlar for arrangementet knytt til leige av Grieghallen i FTU-budsjettet utanom denne søknaden, mens Trygg Trafikk for 2019 har betalt løn til Trygve Hillestad og dekkja kostnader ved reise m.v. for føredragshaldarar. Me er positive til å gjera det slik også i 2020. Arne Aase bidreg òg aktivt i russearbeidet for Trygg Trafikk. Me ser for oss å vidareføra desse engasjementa, samtidig som me vurderer nye russetiltak i Sogn og Fjordane, der det er færre samlande russearrangement enn i Hordaland. I tråd med nasjonalt arbeid vil det òg bli arbeidd vidare med eit opplæringstiltak for vidaregåande skule. I 2019 var #Er du sikker? tiltaket, og Trygg

Trafikk vil etter evalueringar koma med framlegg til tiltak også i 2020. I tillegg vil Trygg Trafikk i Vestland vera open for å rettleia ungdomsbedrifter, studentar og skuleklassar som jobbar med trafikktryggleik som tema, og gjerne støtta desse med refleksar og andre enkle innkjøp ved behov. Samarbeidet om ungdom, russ og tiltak i ungdomsskule og vidaregåande skule er godt forankra i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet 2018-2021*, t.d. tiltak 50-54, og er noko me ynskjer å vidareføra. Ut frå ovannemnte satsingar ser me for oss at det vil vera trong for om lag 250 000,- til gjennomføring.

Tryggleik for fotgjengarar og syklistar

Mjuka trafikantar er ei sårbar gruppe i trafikken, og me ser ei trafikantretta satsing som viktig også for denne gruppa. I nasjonal tiltaksplan er fleire tiltak nemnt her, der det òg er naturleg å tenkja seg eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Trygg Trafikk. Døme på dette er tiltak 75,76 og 79, der både fylkeskommunane og Trygg Trafikk har plikta seg til å jobba med tematikk som refleks og sykkelhjelm. Eventuelle større nysatsingar innanfor desse områda kan det kanskje vera mest aktuelt å snakka om i samband med ny fylkeskommunal handlingsplan eller tiltaksplan, men Trygg Trafikk vil i alle fall søkja å halda fram med det som har fungert så langt samtidig som me er opne for nokre nyvinningar vidare. M.a. ynskjer me å dra i gang Refleksjakta, som tidlegare har vore gjennomført i Sogn og Fjordane og Hordaland, men det er ei stund sidan. I nye Vestland ynskjer me å tilby alle skular sine fjerde-, femte- eller sjetteklassar (det må me koma tilbake til) å delta i refleksjakta. Poenget er at klassane skal finna fram flest mogleg refleksar i heimen og ha desse med på skulen. Det blir talt over kva klasse som har funne flest refleksar, og så er neste poeng at refleksane skal takast med heim att og festast på flest mogleg ytterklede i heimen både for små og store. Beste klasse vinn premie. Me veit at denne konkurransen engasjerer i andre fylke, og har lyst til å få til tilsvarande i nye Vestland. I tillegg ser me for oss å vidareføra praksis kring refleksinnkjøp og sjølve arrangementet Refleksdagen, som har vore gjennomført i både dei to tidlegare fylka. I Sogn og Fjordane har det vore samarbeid med miljøkoordinatorar på vidaregåande skular, FTU, LO, politiet med fleire om dette. I Hordaland har stort sett FTU, samferdsleavdelinga og Trygg Trafikk samarbeidd om Refleksdagen. Me ser for oss å gjennomføra markeringar fleire stader i nye Vestland fylke framleis i godt samarbeid med andre. Etterspurnaden etter refleks er omfattande. I 2019 samarbeidde Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk om utsending av refleksar til eksempelvis helsestasjonar, barnehagar, skule, politi og grendelag og mellom september til desember i Hordaland vart det sendt ut ein stad mellom 10 000 – 11 000 refleksar. I Sogn og Fjordane var tilsvarande tal om lag 7000-8000 refleksar. Grunna mange førespurnader og høgt aktivitetsnivå, ynskjer Trygg Trafikk å leiga inn Arne Aase som bistår med å koordinera innkomne førespurnader og utsendingar, som me gjorde med stort hell i 2019. Me ser òg at det er behov for å bestilla noko meir refleks enn tidlegare år. I tillegg vil me òg spørja nokre av dei frivillige organisasjonane me samarbeider med om andre tiltak, om det kan vera

aktuelt å gjennomføra ein felles reflekskampanje og gjera felles innkjøp for å få større kvantum kjøpt inn rimelegare.

Me ynskjer å gjennomføra #bruksykkellys på ny i 2020, sidan erfaringane frå denne sykkellytkampanjen var særst positive i 2019. Målet er å spreia kampanjen til fleire kommunar enn Bergen, som var hovudmålsetjinga i 2019. Me vil òg vurdera utforming av meir materiell etter behov. Sentralt i forkant av gjennomføring i 2020, vil vera å få nokre brukstal for sykkellys. Det fordrar teljingar, og me vil sjå om det er råd å leiga inn nokon til å gjera ein slik jobb for oss evt. at me gjer det i eigen regi, men med hjelp til utforming av teljeskjema.

Det er òg aktuelt med digital marknadsføring kring refleks, sykkelhjelm og bruk av sykkellys. Utforming av slike kampanjar skjer med fagleg bistand frå Trygg Trafikk sentralt, men må evt. finansierast lokalt. Både #bruksykkellys og reflekstemaet *Mørket kommer* eller liknande kan vera aktuelle kampanjar i 2020. Ut frå dette ser me at det er trong for 300 000,- til tiltaket i 2020.

Systematisk trafikksikringsarbeid

Konseptet Trafikksikker kommune er utvikla av Trygg Trafikk med tanke på kommunane si sentrale rolle i trafikksikringsarbeidet som m.a. skule-, barnehage- og vegeigarar, samt som planmynde og stor arbeidsgjevar for å nemna noko. For å stimulera arbeidet med trafikksikring i desse kommunane, har me utarbeidd eit sett av sentrale kriterium for å kunne bli godkjent og etter kvart regodkjent som ein «Trafikksikker kommune». Me ønskjer med dette å bidra til eit betre førebyggjande arbeid og å sikra eit meir systembasert trafikksikringsarbeid i kommunane. I gamle Sogn og Fjordane og Hordaland var 9 kommunar godkjent pr. 31.12.2019: Eid, Gloppen, Årdal, Austrheim, Vaksdal, Lindås, Bømlo, Sund, Kvinnherad. 3 var i prosess: Høyanger, Lærdal og Kvam herad. Me står overfor ein del viktige problemstillingar som krev merksemda vår i 2020: Minst to kommunar skal godkjennast. Fleire kommunar skal regodkjennast (Austrheim, Bømlo og Årdal), fleire kommunar slår seg saman med nye kommunar (Lindås går inn i Alver, Eid går inn i Stad, Sund går inn i Øygarden), samtidig som det er fleire kommunar som har vist interesse for med tid og stunder å bli ein Trafikksikker kommune. Det set store krav til god oppfølging vidare, og at me gjer det interessant både å bli ein Trafikksikker kommune og å forbli ein Trafikksikker kommune. Arbeidet med prosjektet har avdekket eit klart behov for kurs, kompetanseheving, nettverksbygging og stønad til innkjøp, materiell og arrangement i kommunane. Dette arbeidet med å engasjera og halda trykkjer oppe vil halde fram i 2020. Samtidig inneber arbeidet no eit større omfang, der det òg i løpet av 2020 vil bli jobba for å rekruttera inn nye kommunar. I tråd med ei slik utvikling vil det også vera eit behov for eit handlingsrom til aktivitetar styrt av Trygg Trafikk. For 2020 er det allereie planar om ulike former for bistand t.d. knytt til einingsmøter, vidareutdanning, kurs, nettverkssamlingar med meir. Samhandlinga i prosjektet «Trafikksikker kommune» må seiast å ha vore vellukka, og mykje

tyder på at me får ei god utvikling også dei neste åra. Det er positivt, men utfordrar også fylkeskommunen og Trygg Trafikk på å ha tilstrekkeleg arbeidskapasitet og ressursar ved behov. Mellom anna av den grunn ser me for oss å knyta til oss Audun Heggstad som prosjektleiar for Trafikksikker kommune i 50% stilling frå og med 1. oktober. Fram til dess vil han jobba 100% som seniorrådgjevar, og deretter halda fram i ei prosjektstilling avhengig av eventuell finansiering i 2020 og 2021. I tillegg ser me eit behov for å jobba vidare med ein mal til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar i samarbeid med fylkeskommunen, der me kan koma med råd og rettleiing til korleis ein kan utforma ein god plan og kva ein bør ta omsyn til. Søknadssummen på 400 000,- skal dekkja våre aktivitetar i så måte, og mellom anna gå til utgifter i samband med eksterne kurshaldarar, kurs- og møteverksemd, utvikling av nye møtestader/nettverksbygging og samlingar, naudsynt materiell, etter- og vidareutdanning for lærarar, løn til Audun frå og med oktober og ut året med vidare.

Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd

Området *Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd* frå planverket vårt, er ikkje det mest kostnadskrevjande, men likevel noko me nyttar mykje tid på. Her ligg målområda våre der me t.d. jobbar opp mot media, fører ulykkesstatistikk, følgjer høyringar, FTU og relevante kommunale og fylkskommunale planprosessar. I tillegg er det å svara på publikumspørsmål ei særskild viktig oppgåve året rundt. Me har òg nokre større arrangement der Trygg Trafikk har ei viktig koordinerande rolle: Minnemarkeringa i februar, Trafikksikringsdagen siste laurdag i august og i tillegg vitjar me ofte nokre messer og andre arrangement der me kan tenkja å nå relevante målgrupper. Det meste av dette arbeidet vert dekkja gjennom at Trygg Trafikk har to stillingar som jobbar i Vestland fylke. Kostnadane under dette området er særleg knytt innkjøp av utstyr, give aways og lønskostnader til innleigd arbeidskraft for å delta på desse arrangementa det går mest av under dette tiltaket. Vår vurdering er at det er viktig at Trygg Trafikk er synleg ute på relevante arrangement og er i tett kontakt med publikum. Sist, men ikkje minst koordinerer og organiserer me nokre teljingar i løpet av eitt år, for å følgja opp ansvaret vårt for å skaffa fylkesvise tal gjennom teljingar av riktig sikring av barn i bil om våren i samarbeid med UP og teljingar av refleksbruk om hausten i samarbeid med UP. Også her nyttar me litt innleigd arbeidskraft for å sikra at me tel tilstrekkeleg mange nok til å få gode nok tal for teljingane. Dette er tilstandsmål Trygg Trafikk har ansvar for å følgja opp som ein del av Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021, og arbeidet gjer grunnlag for å kunne operera med fylkesvise tal på dei ulike tilstandsmåla. Til mindre innkjøp og bruk av innleigd arbeidskraft vurderer me behovet under dette tiltaket til 50 000,-.

Hjertesone

Eige prosjekt omtalt tidlegare, og handsama politisk av tidlegare utval for miljø og samferdsle i Hordaland fylkeskommune (MISA) 7. september 2017, ref. sak PS 94/17, og møter i Fylkesutvalet 20. og 21. september 2017, ref. sak PS 211/17. Det fylkeskommunale bidraget er på 500 000,- for 2019, som tilsvarar 50% av venta prosjektkostnadar for 2019. Bergen kommune dekkjer tilsvarande halvdel gjennom sine budsjett. Prosjektet er vedteke forlenga ut 2020, og bidrag er stadfesta frå både nye Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. Desse prosjektmidlane er nemnt som ein del av budsjettsaka, og er ikkje ein del av denne søknaden, men eg vel likevel å nemna prosjektet sidan det er ein viktig aktivitet for oss.

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås
Regionleiar Vestland

Trygg Trafikk | Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli | Postboks 7900, 5020 Bergen
nestas@tryggtrafikk.no | Mobil: 412 06 132 | Org.nr.: 970 133 410



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
Att: Even Vaular

Sandslihaugen 30
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
10.01.2020

Søknad om driftsmidler til Trygg Trafikk for 2020

Me sender dykk med dette søknad om driftsmidler til reise, kontor- og administrasjonskostnader i tråd med samarbeidsavtale.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har tidlegare kvar for seg hatt samarbeidsavtalar med Trygg Trafikk, der Trygg Trafikk har ein distriktsleiar i 100% stilling i kvart av fylka. I avtalane held Trygg Trafikk eitt årsverk i kvart av fylka medrekna arbeidsgjevaransvaret, mens fylkeskommunane står oppom distriktskontora ved å stilla med kontor, drifts- og reisetilskot. I tillegg er Fylkestrafikksikringsutvalet ein nær samarbeidspartnar, og tildeler årlege aktivitetstilskot.

I samband med fylkessamanslåinga har Trygg Trafikk no valt å organisera seg med ein regionleiar og ein seniorrådgjevar, som sit lokalisert høvesvis i Bergen og Leikanger. Båe vil bidra i det regionale og lokale trafikksikringsarbeidet som tidlegare, men regionleieren er peikt på som kontaktpunkt for fylkeskommune og FTU.

I tråd med samarbeidsavtalen er det sagt at Trygg Trafikk har kontorstad i fylkeskommunen (Bergen og Leikanger), der infrastruktur vert lagt til rette på lik line med fylkeskommunen sine tilsette. Trygg Trafikk treng tilgang til internett, men ikkje til fylkeskommunen sitt intranett og e-postsystem. Trygg Trafikk har eigen leverandør av IKT-utstyr. Trygg Trafikk har rett til å bruke fylkeskommunen sin internservice og tilhøyrande fellestenester (møterom, skrivarar, undervisningsutstyr, kantine, posttenester, kopieringsutstyr, vrimlerom, treningsrom, reinhald, møblar, vernerundar m.m.) samt moglegheit til å ta del i fylkeskommunen sine velferdstilbod og sosiale arbeidsmiljø. Trygg Trafikk får tilbod om lagringsplass for utstyr.

Når det kjem til dei økonomiske høva vert regionleiar og seniorrådgjevar tilsett og løna av Trygg Trafikk. Fylkeskommunen dekkjer, gjennom årlege løyvingar, kostnader til reiser, husleige, parkering, lager, kontorhald og IKT-utstyr. Midlane vert overført til Trygg Trafikk ved starten av året.

For 2019 hadde Trygg Trafikk i Sogn og Fjordane eit tilskot på 217 000,- mens Trygg Trafikk i Hordaland hadde 167 000,-, altså 384 000,- til saman. Ein vesentleg skilnad er at me i Sogn og Fjordane har betalt Statens vegvesen om lag 90 000,- i husleige dei siste åra, mens ein i Hordaland har vore samlokalisert med fylkeskommunen og ikkje har betalt husleige. Sidan no begge dei faste Trygg Trafikk-stillingane er plasserte saman med fylkeskommunen reknar me med at det ikkje vert noko husleige, sidan dette nærast vil bli internfakturering frå fylkeskommunen si side. Likevel er det to fylke med til dels store avstandar og ein del reise i samband med aktivitetar. Me skal òg rekruttera inn ein ny tilsett, som truleg startar over sommaren. Her vil det vera trong for innkjøp av noko nytt utstyr. Behovet for driftsmidlar for Trygg Trafikk i 2020 blir difor vurdert til 300 000,- samla sett.

Vonar på positiv handsaming.

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås
Regionleiar Vestland

Trygg Trafikk | Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli | Postboks 7900, 5020 Bergen
nestas@tryggtrafikk.no | Mobil: 412 06 132 | Org.nr.: 970 133 410

Politiske saker

PS 1/20 Budsjett for trafikktryggingsutvalet (FTU) i Vestland 2020

 Saknr: 2019/101-5
 Saksbehandlar: Even Vaular

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet	1/20	27.01.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.02.2020

Fordeling av FTU-midlar for 2020

Forslag til innstilling

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om fordeling av FTU-midlane for 2020 i tråd med tilrådinga. For løyvinga til *trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring* vil det verta lagt fram eiga sak for hovudutvalet. FTU-midlane for 2020 vert fordelt slik:

Fordeling av FTU-midlar for 2020	
FTU-midlar, vedtatt ramme	16 376 000
Overført frå 2019 til ramma for fysiske trafikktryggingstiltak	404 000
Samla til disposisjon	16 780 000
Post	Sum
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar	1 000 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000
Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk	1 300 000
Prosjekt Hjertesone	500 000
Trafikktryggingssprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Trafikksikker kommune	75 000
Russearrangement Grieghallen	150 000
Refleks	351 000
Diverse	100 000
Trygg Trafikk - driftskostnadar (reise, kontorhald osv.)	300 000
Totalsum	16 780 000

Samandrag

I budsjett for 2020 vart det sett av 16,4 mill. kr. for løyvingsnivå FTU-midlar. Denne saka føreslår fordeling av FTU-midlane. FTU-midlane inneheld også ei løyving på 5 mill. kr. til trygge skuleveggar/Hjertesone og punktutbetring, som tidlegare vart omtalt som ei eiga, uavhengig løyving. Løyvinga skal likevel gå til dei føremåla den var tiltenkt. Andre større postar under FTU-midlane er dei tre tilskotsordningane (til fysiske tiltak, ts-aktivitetar og ts-planar) og aktivitetsmidlar til Trygg Trafikk Vestland. Det vert dessutan føreslått midlar til Prosjekt Hjertesone i Bergen, kunnskap- og kompetansetiltak, refleksar, med meir. Fordelinga er retta inn mot satsingar for ts-arbeidet i Vestland, jf. budsjettsaka for 2020, samt tiltak i Nasjonal tiltaksplan for ts på veg.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

John Martin Jacobsen
Seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fordeling av FTU-midlar

I sak 14/2019 til fylkestinget 17. desember vart budsjett for 2020, samt økonomiplan fram til 2023 vedtatt. Av vedtaket kjem det fram at det er sett av 16,4 mill. kr til FTU-midlar. Om FTU-midlane står det følgjande i budsjettdokumentet:

«[...] Midlane vert m.a. nytta innafor tilskotsordningane til Trafikktryggingsutvalet (FTU):

- Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar
- Tilskot til trafikktryggingssaktivitetar

Løyvinga skal også dekkje driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen, samt trafikktryggingsspris for Vestland fylkeskommune [...].»

FTU-midlane er vedtatt som ei ramme som skal fordelast vidare til ulike postar og satsingar innanfor trafikktryggingssarbeidet, mellom anna til det som er nemnt ovanfor. I denne saka legg fylkesdirektør for infrastruktur og veg fram for utvalet eit forslag til fordeling. Det er vurdert slik at hovudutvalet for samferdsel og mobilitet har avgjerdsmynde i saka. For utdjupeing av dette - sjå «Vedtakskompetanse».

Tilskotsordningar for betre trafikktryggleik

I 2019 vart tilskotsordningane som gamle Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde til trafikktryggleik, samordna og utvikla vidare til tre tilskotsordningar (nemnt ovanfor) for Vestland fylkeskommune. Retningslinjer for tilskotsordningane vart fastsett i fellesnemnda for fylkessamanslåinga 18. juni 2019.

Løyving til trygge skuleveggar/Hjertesone og punktutbetring

I innstillinga til budsjettsaka frå finansutvalet 26. november vart det av fleirtalet lagt til 5 mill. kr til «Trygge skuleveggar/Hjertesone - punktutbetring», som endring frå føreslått budsjettdokument. Administrasjonen innarbeida så denne løyvinga i budsjettframlegget før slutthandsaminga i desember. Her vart løyvinga lagt inn under FTU-midlane i driftsbudsjettet. FTU-midlane ligg såleis 5 mill. kr. høgare enn i budsjettdokumentet finansutvalet tok stilling til.

Sjølv om løyvinga teknisk ligg i FTU-midlane i endeleg budsjettvedtak, bør desse 5 mill. kr. går til dei føremåla som dei er tiltenkt.

Viktige føringar for trafikktryggleiksarbeidet i Vestland fylkeskommune

Det skal verta utarbeidd mål og strategiar for samferdselssektoren i Vestland generelt og for trafikktryggleik spesielt gjennom høvesvis ny Regional transportplan og eit handlingsprogram for trafikktrygging. Etter vedtatt reglement for folkevalde organ vil sistnemnte vera FTU sitt ansvar å utarbeida. Fram til desse styringsdokumenta er fastsette, kjem satsingsområde for trafikktryggingssarbeidet fram av budsjettdokumentet for 2020, under kapittel 6.2 «Investeringsprogram fylkesveggar inkl. rassikring 2020-2023». Her heiter det (under «Trafikktryggingstiltak»):

«Målsetting i trafikksikringsarbeidet bygger på nullvisjonen og er underlagt overordna målsettingar på nasjonalt og regionalt nivå. Fylkesvegnettet i Vestland har store utfordringar, og det er stor skilnad på det ein vil omtale som eit sikkert vegnett og dagens vegnett. I tillegg kjem det lokale risikobiletet på fylkesvegnettet, som i særleg grad omfattar møte- og utforkøyringsulykker, og ulykker med mjuke trafikantar. Ut frå dette vil Vestland fylkeskommune i kommande planperiode ha følgjande tre satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strom
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Sjølv om det i budsjettdokumentet er vinkla inn mot fysiske tiltak, vil satsingsområda også gjelda for førebyggjande og trafikantretta ts-arbeid, så vel som for organisatoriske tiltak/systemtiltak som «Trafikksikker kommune». Sistnemnte treff godt innanfor satsingsområdet for *trafikksikringsarbeid i kommunane*.

Vidare er Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 eit sentralt dokument for ts-arbeidet i Vestland fylkeskommune. Den nasjonale tiltaksplanen er ein handlingsplan under Nasjonal transportplan (NTP) og er utarbeidd av Statens vegvesen, politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. Med planen følgjer ei rekke tiltak fordelt på dei ulike partane. Tiltaka skal sikra *stø kurs mot etappemålet i NTP om maksimalt 350 drepne og hardt skada i 2030*- ein reduksjon på 60 prosent, samanlikna med snittet for perioden 2012-2015.

Vedtakskompetanse

I referatsak (RS) 4/2019 i desembertinget står det om *Reglement for folkevalde organ og delegering* at «[p]rosjektleiar er gjort merksam på ein del ukklarheiter i vedtekne reglement. Prosjektleiar vil i februarvinget fremje ei sak kor ein gjer naudsynte endringar og presiseringar i reglementa».

For fordeling av FTU-midlane og tildeling av tilskot til trafikktrygging er det motstrid mellom utvalsreglementa og budsjettreglementet. I vedtatt budsjettreglement for Vestland fylkeskommune (kapittel 8 i budsjettokumentet) står det under «3. Budsjettoppfølging og budsjettendringar» i punkt 3.6.1 at «Trafikktryggingsutvalet har mynde til å fordele løyvinga på løyvingsnivå FTU-midlar på ulike tilskotsordningar samt mynde til å tildele tilskot innafor sitt ansvarsområde».

Ser ein på utvalsreglementa er hovudutval for samferdsel og mobilitet gitt avgjerdsmynde over «fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde», medan noko tilsvarande ikkje er å finna i utvalsreglementet for trafikktryggingsutvalet (FTU)¹. Det er i FTU-reglementet presisert at FTU er eit rådgjevande organ, og utvalet er ikkje gitt avgjerdsmynde i økonomiske saker, utanom tildeling av trafikktryggingsprisen. I nemnte referatsak om reglement og delegering står det at «[d]ersom organet ikkje positivt er delegert mynde, har organet heller ikkje mynde». Etter ei juridisk vurdering er konklusjonen at delegeringa etter budsjettreglementet ikkje er gjeldande.

FTU gir tilråding «i saker innafor sitt arbeidsområde, og kor dei ikkje har avgjerdsmynde». Det er såleis naturleg at utvalet innstiller til korleis FTU-midlane skal verta fordelt, og kva tiltak som får tildelt tilskot. Vedtak vert gjort av hovudutvalet.

¹ Om forkortinga «FTU» (for «fylkestrafikktryggingsutval(et)»): Forkortinga er ei gjengs nemning for dei politiske utvala for trafikktryggleik i fylkeskommunane i Noreg.

Framlegg til fordeling

FTU-midlane til fordeling består av midlane som vart sett av til løyvingnivået i budsjettet for 2020, midlar knytt til tilsegn om tilskot som fall bort i 2019, og restbeløp frå tilsegn der sluttkostnad på tiltaka vart lågare enn førespegla i søknad. Tilskotsmidlane som vart overført frå 2019 går inn att i ramma for tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak. Innbakt i FTU-midlane fastsett i budsjettet er ei ekstraløyving til trygge skuleveggar/Hjertesone og punktutbetring. Fylkesdirektør for infrastruktur og veg føreslår følgjande fordeling av FTU-midlane:

Fordeling av FTU-midlar for 2020	
FTU-midlar, vedtatt ramme	16 376 000
Overført frå 2019 til ramma for fysiske trafikktryggingstiltak	404 000
Samla til disposisjon	16 780 000
Post	Sum
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar	1 000 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000
Trygg skuleveg/ Hjertesone og punktutbetring	5 000 000
Aktivitetmidlar Trygg Trafikk	1 300 000
Prosjekt Hjertesone	500 000
Trafikktryggingssprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Trafikksikker kommune - godkjenning av Kvam herad	75 000
Russearrangement Grieghallen	150 000
Refleks	351 000
Diverse	100 000
Trygg Trafikk - driftsmidlar (reise, kontorhald osv.)	300 000
Totalsum	16 780 000

Om postane/tiltaka

I det vidare vert dei ulike postane skildra nærare. Postane/tiltaka vert sett i samanheng med fylkeskommunen sine satsingsområde, og med Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg.

Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar

Tilskotsordninga er retta inn satsingsområdet *trafikksikringsarbeid i kommunane*. Det er vidare tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og innsatsområde Barn (0-14 år), der det heiter at fylkeskommunane «skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjonar til å sikre skuleveger og nærmiljø, og skape gode holdningar hos barn og unge».

Med ordninga ønskjer me å nå breitt ut og treffa dei som engasjerer seg i førebyggjande og trafikantretta trafikktryggleiksarbeid kringom i fylket. Kommunar, skular og barnehagar (inkludert FAU), lag og foreiningar, organisasjonar, institusjonar og aksjonsgrupper kan søka om tilskot. Forutan sjølve aktivitetane som tilskotsordninga støttar, gir også denne ordninga oss moglegheita til å bidra til engasjement og gode ambassadørar for trafikktryggleiksarbeidet. Det er to årlege søknadsfristar - i 2020 er dei sett til 25. februar og 31. august.

Aktivitetar som skjer i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet vert prioritert ved tildeling. Dette gjeld også for aktivitetar som ikkje er i regi av kommunen sjølv. Det er eit mål, mellom anna gjennom Nasjonal tiltaksplan, at fleire kommunar siktar seg inn mot ei godkjenning som Trafikksikker kommune. Ordninga gir også prioritet til frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggingssarbeid. Denne prioriteringa sikrar meir føreseieleg finansiering for organisasjonar som er viktige drivkrefter i det frivillige ts-arbeidet. Fylkesdirektøren føreslår ei ramme for ordninga på 2 millionar kroner.

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar

Tilskotsordninga er retta inn mot satsingsområdet *trafikkisikringsarbeid i kommunane*. Det er vidare tett kopla til Nasjonal tiltaksplan og innsatsområde *Systematisk trafikkisikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner*, der det heiter at fylkeskommunen «vil arbeide for at alle kommuner skal ha kommunale trafikkisikkerhetsplaner». Søknadsfrist for ordninga i 2020 er 30 april.

Tilskotsordninga legg stor vekt på eit tydeleg kommunalt eigarskap til planprosessen, brei medverknad og god politisk og administrativ forankring av planarbeidet. Det er sett ei øvre grense for tilskot på kr. 150.000 per tildeling, med krav om eigendel på minst 50 prosent. Det er per no vanskeleg å seia noko om kor stor pågang på tilskotsordninga me kan rekna med. Fylkesdirektøren føreslår ei ramme for ordninga på 1 million kroner.

Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak

Tilskotsordninga er retta inn mot satsingsområdet *trafikkisikringsarbeid i kommunane*. Gjennom tildelingar frå tilskotsordninga bidrar også tiltaket inn mot satsingsområda *møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strom og mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*. Målgruppa for tilskotsordninga er kommunane i Vestland fylke. Tilskotsordninga har som mål å styrka trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Det er kommunane i Vestland fylke som har høve til å søka om tilskot, og dei kan søka om støtte tiltak på både kommunal og fylkeskommunal veg. Kommunane sit på viktig kunnskap om dei lokale utfordringane, ikkje minst når dei jobbar aktivt med trafikktrygging og har oppdaterte ts-planar. Det er stilt krav om oppdatert ts-plan for å kunna søka støtte frå ordninga. I ordninga er det sett ei øvre grense på tilskot på kr. 250.000 per tiltak, med krav om minst 50 prosent eigendel. Ønsket er å stimulera kommunane til å prioritera også dei mindre, men ofte særskilt viktige tiltaka, som fort vert prioritert vekk for større prosjekt. Søknadsfrist for ordninga i 2020 er 3. februar.

Tilskotsmidlar overført frå 2019 vert også lagt til ramma for ordninga. Fylkesdirektøren føreslår ei samla ramme for ordninga på drygt 5,6 millionar kroner.

Trygg skuleveg/ Hjertesone og punktutbetring

Fylkesdirektøren føreslår at løyvinga på 5 millionar kroner til *trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring* vert nytta til prosjekt på fylkesveg som er klare for gjennomføring. Det inneber tiltak som er ferdig planlagde, prosjekterte og der behovet for avklaringar er små. Dette er viktig for å sikra at tiltaka vert gjennomførte og midlane nytta fullt ut i 2020. Fylkesdirektøren vil koma attende til hovudutval for samferdsel og mobilitet med forslag til bruk av denne løyvinga.

Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk

I møte 18. juni 2019 i fellesnemnda fekk prosjektleiar fullmakt til å inngå ny samarbeidsavtale med Trygg Trafikk for Vestland fylkeskommune, som skal føra vidare gjeldande forplikningar frå samarbeidsavtalene dei to gamle fylka hadde med Trygg Trafikk og Statens vegvesen. I samarbeidsavtala forpliktar fylkeskommunen seg til kvart år å løyva aktivitetsmidlar (midlar til tiltak) til Trygg Trafikk, samt driftsmidlar som skal dekkja reise-, kontor- og administrasjonskostnader. Aktivitetsmidlane skal nyttast i tråd med fylkeskommunen sitt vedtak. Søknad frå Trygg Trafikk om aktivitetsmidlar vert omtalt i eiga sak. I søknaden går det fram kva for type aktivitetar som skal gjennomførast det gjeldande året. Trygg Trafikk sitt arbeid er i særleg grad retta mot arbeidet med Trafikkisikker kommune, og å auke trafikkisikringskompetansen i barnehage og skule. Fylkesdirektøren føreslår at Trygg Trafikk vert løyvd 1,3 millionar kroner i aktivitetsmidlar for 2020, i tråd med søknad.

Prosjekt Hjertesone

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde *mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg*, og gjeld oppretting av Hjertesone ved alle barneskular i Bergen kommune. Skulane skal også laga kvar sin trafikktryggingssplan. Prosjektet har sitt opphav i eit politisk vedtak i Bergen kommune. Ei Hjertesone er ein sone kring skulane der ein jobbar for minst mogleg trafikk av køyretøy, og best moglege tilhøve for dei som vil gå og sykla til skulen. Hjertesone-arbeidet skal forankrast på skulane og medverknad med FAU, elevar og skulen elles er viktig. Det er også fokus på foreldrekyring, haldningar og åtfærd.

Ei prosjektgruppe med ein prosjektleiar frå Trygg Trafikk i spissen, har jobba med å gjennomføra implementeringa av Hjertesone og få i gang arbeidet med trafikktryggingssplanar lokalt på skulane. Prosjektleiar har i utgangspunktet hatt ein toårig prosjektstilling frå 2018, med delt finansiering mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Begge partar har stilt med kr. 500.000 kvar per år. For fylkeskommunen har løyvinga vore henta frå FTU sitt budsjett. I eit felles brev til Trygg Trafikk, dagsett 14. oktober 2019, stadfestar Hordaland fylkeskommune (på vegner av

Vestland fylkeskommune) og Bergen kommune at dei vil bidra med 500.000 kr. kvar for 2020, slik at prosjektet kan halda fram eit år til. Fylkesdirektøren vil råda til at forpliktinga på kr. 500.000 vert dekkja av FTU-midlane.

Trafikktryggingsprisen

Trafikktryggingsutvalet har ansvar for tildeling av trafikktryggingsprisen, og for fastsetting av retningslinjene for tildelinga. Dette kjem fram av utvalsreglementet. Som det kjem fram av budsjettsaka, skal prisen inngå i FTU-midlane. Begge dei to gamle fylkeskommunane har delt ut kvar sin trafikktryggingspris til kommunar, lag, foreiningar eller andre som har utmerka seg innan trafikktryggingsarbeidet. I begge fylke har prisen vore eit diplom og ein pengepremie på kr. 25.000. Fylkesdirektøren ønskjer å heva pengepremien for Vestland sin eigen trafikktryggingspris til kr. 50.000.

Kunnskap, kompetanse og kampanjar

Tiltaket ligg som ein del av satsingsområde trafikksekringsarbeid i kommunane, men kan også ha relevans for dei andre satsingane. Dette er ein samlepost for tiltak som kan auka kunnskapen, kompetansen og merksemda kring viktige trafikktryggings spørsmål i fylket. Posten kan gi finansiering til konferansar, kurs, fagdagar, kampanjar og prosjekt som har som føremål å auka kunnskapen om ts-utfordringar.

Fylkesdirektøren ønskjer å vidareføra trafikksekringskonferansen for Hordaland til ein felles konferanse for Vestland fylke. Den årlege konferansen i Hordaland har vore ein viktig møteplass for folk som jobbar med trafikksekring i kommunane, Statens vegvesen, Politiet, osb. FTU Hordaland stod som arrangør for konferansen, som har funnet stad sidan 2011. Konferansen har kopla fagpersonar saman på tvers av kommunar og etatar, og gitt fagleg påfyll.

Det kan også vera aktuelt at fylkeskommunen koordinerer ulike fagdagar og samlingar som går i djupna på aktuelle tema. Aktuelle fagdagar/samlingar kan til dømes vera:

- Inspirasjonsdag om trafikktryggingsplanar for kommunar utan gyldig ts-plan
- Fagdag om Hjertesone for kommunetilsette og konsulentar
- Fagdag/kurs om ts-kvalitetssikring i arealplanar for planleggarar i kommunane
- Nettverkssamling for ts-kontaktar i kommunane

Gjennomføring av fagdagar/samlingar utover Trafikksekringskonferansen må vurderast opp mot arbeidskapasiteten til administrasjonen i 2020. Fylkesdirektøren føreslår ei ramme på 350.000 kr for 2019.

Trafikksikker kommune - godkjenning av Kvam herad

Ut året 2018 hadde FTU Hordaland ein stimuleringsordning for kommunar som gjekk inn i Trafikksikker kommune-arbeidet. Frå 2019 av vart ordninga avskaffa. I stimuleringsordninga vart det tildelt eit tilskot til kommunen på kr. 25.000 ved signering av intensjonsavtale, og kr. 75.000 når kommunen hadde oppnådd godkjenning som Trafikksikker kommune. Kvam herad inngjekk intensjonsavtale med HFK og Trygg Trafikk før stimuleringsordninga vart avskaffa. Såleis har fylkeskommunen ei forplikting overfor heradet om utbetaling av kr. 75.000 i stimuleringsmidlar ved godkjenning.

Russearrangement i Grieghallen

Russen er ei risikogruppe når det gjeld fare for trafikkulykker. Dei siste åra har offentlege aktørar som fylkeskommune, politi, Statens vegvesen med fleire, jobba breitt og koordinert opp mot russen, med gode resultat. I det førebyggjande ts-arbeidet er russearrangementet i Grieghallen for ein institusjon å rekna. Arrangementet, som dei siste åra har vore ei felles satsing mellom Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk, m. fl., har vore arrangert sidan 1989, med gode tilbakemeldingar. Til arrangementet har all russ i fylket vorte inviterte. Dei siste åra har det pleidd å vera to førestillingar med om lag 3.000 deltakande russ til saman. Det er ønskeleg at arrangementet vert vidareført som eit viktig fellesarrangement og verdiseminar for ungdommen i russetida.

Det skal også nemnast at det i begge dei gamle fylka har vore arrangert ulike ts-arrangement kringom på dei vidaregåande skulane. Mange av desse har fått tilskot frå dei fylkeskommunale tilskotsordningane. Fylkesdirektøren føreslår at det vert sett av kr. 150.000 frå FTU-midlane til russearrangementet i Grieghallen.

Refleks

Dei gamle fylkeskommunane har saman med Trygg Trafikk hatt ei satsing på refleksbruk, både gjennom kampanjar og refleksutdeling. Me vurderer refleks som eit godt og praktisk trafikktryggingstiltak, som også gir positivt kontakt med publikum om fylkeskommunalt ts-arbeid. Det er stor etterspurnad etter refleksar. Skular, barnehagar, helsestasjonar, politi og lokale grendelag og foreldregrupperingar ønskjer refleksar, og leitar etter plassar å få dette. I Hordaland har fylkeskommunen dei siste åra jobba tett saman med Trygg Trafikk om utsending av refleksar. Berre frå september 2019 og ut året vart det sendt ut nærmare 11.500 refleksar etter førespurnad frå publikum. Då var me tomme for refleksar, men ikkje for førespurnadar. Fylkesdirektøren føreslår at det vert sett av 351.000 kroner til refleks.

Diverse

Fylkesdirektøren føreslår at det vert sett av kr. 100.000 i ein 'diverse'-post. Denne skal mellom anna dekkja medlemskontingent til Trygg Trafikk, annonsering av tilskotsordningane og ulike mindre kostnader som måtte dukka opp, og som vedkjem ts-arbeidet.

Trygg Trafikk - driftsmidlar

Som nemnt under «Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk» har fylkeskommunen ei forplikting overfor Trygg Trafikk for å dekkja regionkontoret sine driftsutgifter. I samarbeidsavtalen står det:

«Fylkeskommunen dekkjer, gjennom årlege løyvingar, kostnader til reiser, husleige, parkering, lager, kontorhald og IKT-utstyr. knytt til reiseverksemd, kontorhald og administrasjonskostnader.» Som det kjem fram av budsjettsaka, skal driftsmidlane inngå i FTU-midlane. Trygg Trafikk har anslått sitt behov for driftsmidlar til kr. 300.000 i 2020. For detaljar om driftskostnader, sjå vedlegg til eiga sak om aktivitets- og driftsmidlar for Trygg Trafikk. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av kr. 300.000 til føremålet, i tråd med søknad.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkestinget vedtok i budsjettet for 2020 ei ramme for FTU-midlane, som vert fordelt vidare etter vedtak i hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Klima: Fordeling av FTU-midlane har ikkje i seg sjølv verknad på klimaet. Trafikktryggingarbeidet er elles eit ledd i arbeidet med å få fleire til å sykla og gå, noko som kan gi lågare bilbruk og klimagassutslepp.

Folkehelse: Fordeling av FTU-midlane har ikkje i seg sjølv betydning for folkehelsa, men trafikktryggingarbeidet og -tiltaka som vert mogleg gjennom midlane vil venteleg ha positiv verknad.

Regional planstrategi: Regional planstrategi for Vestland er under utarbeiding.

Konklusjon

FTU-midlane er ein mindre post på fylkesbudsjettet, men likevel viktige midlar som skapar mykje aktivitet, særleg innanfor det førebyggjande og haldnings- og åtferdsretta arbeidet. Tilskotsordningane dei to fylka har hatt, har vore viktige for mange kommunar, og andre som har kunna søkt om tilskot. Framlegget til fordeling har tatt utgangspunkt i eksisterande arbeid og satsingar, samt satsingsområde for trafikktryggingarbeidet slik dei kjem fram av budsjettsaka, og tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg. Når FTU Vestland skal utarbeida handlingsprogram for trafikktrygging er det naturleg at ein ser med nye auge på dei langsiktige satsingane i ts-arbeidet i fylkeskommunen. Fylkesdirektøren legg med dette fram sitt framlegg til fordeling av FTU-midlane, som vist i øvst i saka.